

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2017**

Aud Karin Oen (SV) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Museum Vest. Oen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Aud Karin Oen var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Aud Karin Oen gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 53 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget tek intensjonsavtalen om konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum til vitande.
2. Fylkestinget er positiv til tingingane mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum, og meiner at samanslåinga vil gje eit sterkare museumsfagleg fokus på Vestlandet si historie knytt til kyst og hav, og er eit viktig bidrag i den nasjonale satsinga på den marine næringsklynga.
3. Fylkestinget vil ta avtalen mellom institusjonane opp til handsaming når denne ligg føre hausten 2017.
4. Fylkestinget viser til at ei avklaring om auka driftstilskot vert å koma attende til i budsjetthandsaming og vedtak om budsjett 2018 i fylkestinget i desember.